



2. april 2009

FJORD1 PARTNER SKAL KØYRE BYBANEN

Skyss er Hordaland fylkeskommune sitt selskap for å planlegge, kjøpe og marknadsføre kollektivtransport på buss, båt og bane.

Skyss har i dag tildelt Fjord1 Partner AS kontrakt for drift av Bybanen. Skyss legg stor vekt på at Bybanen skal vere ein integrert del av kollektivtilbodet i Bergen, og Bybanen sine haldeplassar på Nesttun, Sletten og Wergeland vert viktige omstigningspunkt mellom buss og bane. Fjord1 Partner skal på oppdrag frå Skyss køyre sporvognene på strekninga mellom sentrum og Nesttun samt drive trafikkleing knytt til framføringa av sporvognene.

Fjord1 Partner startar oppbygging av driftsorganisasjonen og planlegginga umiddelbart etter kontraktsgjennomføring med tanke på oppstart sommaren 2010. Driftsfasen er 7 år med ein opsjon for Skyss på ytterligere 1+1 år. Tilbodet på Bybanen vil være avgang kvart 5. minutt i rush.

Skyss mottok 4 gode tilbud på drift av Bybanen. Dei 4 tilbydarane var

- Fjord1 Partner AS
- NSB AS
- Tide Bane AS
- Veolia Transport Norge AS

Fjord1 Partner har vunne på grunnlag av ei totalvurdering av pris (50 %), kvalitet og service (15 %), leveranse og gjennomføringsevne (15 %) og oppbyggingsplan (20 %). Det har vore gjennomført konkurranse med forhandlingar for å finne den beste tilbydaren.

Om vinnaren Fjord1 Partner AS:

- Eigd av Keolis Nordic AB (51%) Fjord1 (49%)
 - Om Keolis Nordic AB
 - Driv verksemd innanfor kollektivtrafikk i Sverige og Danmark gjennom selskapa Busslink og City-Trafik.
 - Keolis Nordic er ein del av den internasjonale Keolisgruppen. Keolisgruppen har sporvognsdrift blant anna i dei franske byane Lyon og Le Mans.
 - Om Fjord1:
 - Eigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune (59%) og Møre og Romsdal fylkeskommune (41%)
 - Gjennom sine 7 dotterselskap opererer Fjord1 offentleg tilgjengelig transport på sjø og land

Kontaktpersonar:

Torill Selsvold Nyborg, fylkesordførar – telefon 915 22 733 / 55 23 90 11

Oddmund Sylta, direktør i Skyss: 932 30 401 / 55 23 93 94